

Visitasforedrag ved bispevisitas i Samnanger 28.–30. november og 3. desember 2017

Kjære kyrkjelyd!

Dette har vore fine dagar med mange spennande møtepunkt. Eg fekk blant anna vera sjefshyrde saman med 1. klassen på julevandring og snakka om bilar med Anton, svara på spørsmål frå ungdomsskulelevar, eta middag saman med alle kompisane i Haga kyrkje, og vitja Samnangerheimen. Og så har eg fått møta ein flott stab, ivrige frivillige og hatt møter med sokneråd, organisasjonar, kommune og lærarar.

Kyrkjelyden har ein flott visjon: «Saman med venner - Saman med Jesus - Saman for andre». Og har eg sett spor av den i det arbeidet eg har fått møta her.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og i kontakt med prost Arild Hellesøy.

Gudstenestelivet

Gudstenesta handlar om det visjonen dykker seier: «Saman med venner - Saman med Jesus - Saman for andre». Difor er det viktig å legga til rette for mange kan kjenna seg heime i gudstenesta og kan få den gode vanen i å gå regelmessig til gudsteneste. Det treng vi, for der er vi døypte og der høyrer vi til. Gudstenesta opnar opp for møtet med Gud, der trua kan leva og få næring, der vi kan høyra evangeliet om frelsa i Jesus Kristus. Det er ikkje nok å vita det, vi treng at evangeliet vert sagt til oss. Fordi vi treng å høyra det på nytt, vi treng å oppleva det på nytt. Både gjennom ordet og i nattverden.

Gudstenesteoppmøtet er godt og det held seg jamt, men det er størst i Haga kyrkja. Dei to kyrkjene har kvar sine kvalitetar. Ådland er ei vakker klassisk kyrkje med eit flott orgel som passar til høgtid både på dåpsdagar og førstedagar. Haga kyrkje er meir moderne og meir intim med betre rom for barne- og ungdomsaktiviteter og fellesskap etter gudstenesta. Det er heilt naturleg at det og er forskjell på gudstenestelivet i dei to. Men om det er slik at flest vel å gå til vanlege gudstenester i Haga, er det naturleg at litt fleire gudstenester kan haldast der.

Fordelinga av gudstenestene må de sjå på saman med prosten, og så vil eg sjå om det er trøng for å fastsette ei ny fordeling mellom gudstenestene i dei to kyrkjene.

De har lenge hatt ein særprega liturgi i Haga med lovsong og band. Det er fint å inkludera nye uttrykk og ta i bruk andre musikktradisjonar for å gje Gud ære. Både lovsong og Kyrie, ropet om miskunn, har vore ein del av gudstenesta sidan dei eldste tider. Begge delar må vera med, men i den noverande manglar kyrie og difor må liturgien reviderast litt. Den skal ikkje mista sitt særpreg, men må bli meir i samsvar med kyrkja si felles gudsteneste ved å ta inn kyrie og eit tydelegare løftesord etter syndsvedkjeninga. Lovsongen vil framleis ha sin naturlege plass, utan at den tek for stor plass rett etter kyrie. Det gir betre balanse mellom dei ulike ledda i gudstenesta.

Kyrkjemusikken

Kyrkjemusikken er ein viktig del av kyrkjelyden sitt arbeid. Det gjeld både den tradisjonelle musikken og den nyare lovsongstradisjonen. Her er de jo så heldig at de har to kantorar og eit flott instrument her i kyrkja. Vidare kan de nyta godt av konserter og kor og prosjektkor med eit breitt repertoar, og ikkje minst eit barnekor.

De har skrive om kyrkemusikken i kyrkjelydsplanen og det er bra, men de har enno ikkje ein eigen plan for det kyrkjemusikalske arbeidet. De har jo sjølv skrive i visitasmeldinga at planen manglar, så tida er nok inne for å gjera det.

Kyrkjelydsplan

De har arva ein god og oversikteleg kyrkjelydsplan frå det førre soknerådet. Det er bra, men som alle gode planar må ein revidera og gå gjennom også denne på nytt i det sitjande soknerådet. Då er det viktig at han er passe ambisiøs for situasjonen i dag, så ein ikkje forstrekker seg lenger enn ein har ressursar og medarbeidarar til, men samtidig at den viser at ein vil noko.

Trusopplæring

Når visjonen seier «Saman som venner» tenker eg på Kompis. Det såg ut som alle var venner og hadde det kjekt. Alle hadde til og med sitt eige glas med

namn på. Det er eit flott trusopplæringstiltak og det var ei oppleving å få vera med på både middag og online-samling med bibelforteljingar.

Eg veit at de legg vekt på fellesskap og vennskap i andre trusopplæringstiltak med leir, kro, lovsongskveldar og leiarutvikling. De har ein trusopplæringsplan som omfattar alle aldersgrupper også dei etter konfirmasjon. Og de får det til med stort prosentvis oppmøte på mange av tiltaka. Det er flott.

Uløna medarbeidarar

Trusopplæringa er avhengig av dei uløna frivillige medarbeidarane. De skriv at det er rundt 30 vaksne som er med. Det er svært bra, og dei eg har snakka med seier at det er kjekt og dei får mykje igjen for det. Men det er likevel viktig at ein tar vare på dei og følgjer dei opp og at ein ikkje berre spør dei same, for det går an å slita seg ut. Difor må ein heile tida invitera nye, til dømes foreldre med born i trusopplæringa, og inkludera dei så dei trivst. De har leiartrening for ungdom der tidlegare konfirmantar kan bli med som ledarar i konfirmantarbeidet og i trusopplæringa. Det er bra, då får ein lagt vekt på både «Saman med venner» og «Saman med Jesus».

Gjevarteneste

Ved sida av dei frivillige, uløna medarbeidarane trengs det også pengar til god trusopplæring fordi ein er avhengig av å ha tilsette trusopplærarar.

Eg veit at eg ikkje kan læra dykk om gjevarteneste, for det får de til, både til å bygga kyrkje, til misjon og til trusopplæring. Eg vil heller oppmuntra dykk til å halda fram det gode arbeidet. De må oppmuntra nye grupper til å vera med, det er mange foreldre og besteforeldre som ser verdien av arbeidet for borna og som kan tenka seg å vera med. Ver frimodige til å invitera og forkynn fram gjevargleda.

Vaksenundervisning

De skal ha stor ros for at de har tilbod om undervisning for vaksne, det trengs eit tilbod utanom gudstenesta for å gje kunnskap om trua og det å leva som kristen. Dei siste åra har de blant anna hatt Alpha-kurs, temasamlingar, nådegåveseminar og no sist foreldrerekurs. Dette er bra, fortsett med det.

Diakoni og misjon

Det heiter i visjonen: «Saman for andre». Dette set de ut i livet gjennom diakoni og misjon. De har diakonale tiltak som besøksteneste, samlingar for innvandrarar og eldre med internasjonal matklubb og de har vore med å starta frivilligentral. De har og ei forbørnsteneste, ein bønering der folk kan melda inn behov som så vert sendt til forbedarar. Dessutan har jo alle samlingane i kyrkjelyden også eit diakonalt preg ved at de kjem saman i ein fellesskap.

Eg er imponert over at de har dykker eige misjonsprosjekt: ein skule for born i slummen i Zambia med det flotte namnet «Samnanger Faith Academy»! Det er meir krevjande med eit prosjekt som ikkje er knytt til ein misjonsorganisasjon, men de klarar å samla inn meir enn dei fleste og å gjera det til ein del av kyrkjelyden sitt arbeid.

Kyrkja og kommunen

Eg vil seia takk til kommunen. Vi hadde eit fint møte med ordførar og rådmann og eg merka at det var velvilje og at de ser at de har ein kyrkjelyd som verkeleg gjer ein innsats for lokalsamfunnet. Tenk berre på kompis, det er ikkje mange plassar som har eit slikt tilbod til heile årskull. Samtidig fekk vi snakka om vedlikehald og utfordringar knytt til kyrkjebygga. Ei utfordring vi snakka om var at denne flotte kyrkja som stadig fylles av folk på konserter, gudstenester og gravferder, manglar eit handicaptolett. Det er lovpålagt og det er viktig for å inkludera alle og det lyt koma på plass innan utløpet av 2018. Vi kan ikkje fortsetja med gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar her utan å få det på plass.

Takk

Til slutt vil eg vil og takka for ein flott visitas med mange gode opplevingar! Takk til alle som har vore med å gjera i stand, ikkje minst soknepresten, soknerådet, staben og kyrkjeverja skal ha takk for god tilrettelegging. Takk for innhaldsrik og velskriven visitasmelding. Takk også til prosten som har vore med å legga til rette og planleggje denne visitasen. Han har vore med heile vegen og er biskopens utstrakte arm til Samnanger når biskopen ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig fordi det er der de høyrer til
- Sjå på fordelinga av gudstenester mellom kyrkjene så det styrker gudstenestegangen.
- Liturgien i Haga må justerast litt slik at han vert i tråd med kyrkja sin gjenkjennelege gudstenesteordning, samstundes som den får halda på sitt særpreg.
- De må ta vare på dei uløna frivillige medarbeidarane de har og invitera nye grupper til deltaking og medarbeidarskap.
- Kyrkjelydsplanen er ambisiøs og brei, men den må fornyast og tilpassast situasjonen i dag.
- De er gode på gjevarteneste, men det trengs å styrka gjevarteneste for trusopplæringa, nå ut til nye grupper og forkynna fram gjevargleda.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Samnanger med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket i Samnanger.

Bjørgvin bispestol, 3. desember 2017

Halvor Nordhaug